

KLIMA- OG MILJØDEPARTEMENTET
Postboks 8013 DEP
0030 OSLO

Dato: 21.06.2018
Vår ref.: 2018/9686-3
Saksbehandlar: erlhofs
Dykkar ref.: 18/364

Att. Berget Stian

Høyringsvar – ny forskrift om mynde mv etter kulturminnelova og andre oppgaver

Hordaland fylkeskommunes høyringsvar vart handsama av Fylkesutvalet i Hordaland i møte 21. juni 2018. Fylkesutvalet fatta vedtak i tråd med innstillinga. Saksframlegg med vedlegg er lagt ved her, medan protokoll med vedtakspunkt vert ettersendt så snart han ligg føre.

Med helsing

David J. Aasen Sandved
kst. fylkeskonservator

Erlend Hofstad
seniorrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Saksframlegg
- 2 Merknader til høyringsforslag

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 21.06.2018

Kjell Haaland, A, sette fram slikt forslag:

«Alternativ:

1. Hordaland fylkeskommune støttar i det vesentlege Klima- og miljødepartementets forslag til overføring av mynde og oppgåver på kulturminneområdet frå Riksantikvaren til fylkeskommunane. Dei nye oppgåvene og verkemidla vil styrke fylkeskommunen sin rolle og vil bidra til å forenkle forvaltinga, desentralisere makt, byggja robuste kompetansemiljø i fylkeskommunane, styrke det regionale nivået si rolle som samfunnsutviklar og leggja til rette for eit meir heilskapleg grep på kulturminneområdet.
2. Hordaland fylkeskommune vil samtidig påpeike at prinsippa for oppgåveplassering ikkje er konsekvent følgt opp. Dette gjeld oppgåver som Riksantikvaren held fram med å ha eller som vert foreslått overført trinnvis. Kulturminne av «særleg nasjonal verdi» må fjernast som kvalitativ gradert kategori, og den gruppa kulturminne som Riksantikvaren skal behalda førstelinjeansvaret for, må avgrensast meir konsekvent og tydeleg. Dei store mellomalderbyane må overførast etter ein forpliktande tidsplan.
3. Hordaland fylkeskommune sluttar seg til fylkesrådmannens merknader til høyringsforslaget, datert 6.6.2018.
4. Hordaland fylkeskommune føreset at:
 - a. Overføring av oppgåver skal følgjast av tilsvarande overføring av økonomiske ressursar
 - b. Den regionale styrkinga av kapasitet og kompetanse skal fullt ut kompensera i kommuneproposisjonen for 2019.»

Røysting

Innstillinga fekk 7 røyster (H, Frp, V, MDG) og fall.

Haaland sitt forslag fekk 8 røyster (A, Sp, KrF, SV) og vart vedteke.

Vedtak

1. Hordaland fylkeskommune støttar i det vesentlege Klima- og miljødepartementets forslag til overføring av mynde og oppgåver på kulturminneområdet frå Riksantikvaren til fylkeskommunane. Dei nye oppgåvene og verkemidla vil styrke fylkeskommunen sin rolle og vil bidra til å forenkle forvaltinga, desentralisere makt, byggja robuste kompetansemiljø i fylkeskommunane, styrke det regionale nivået si rolle som samfunnsutviklar og leggja til rette for eit meir heilskapleg grep på kulturminneområdet.
2. Hordaland fylkeskommune vil samtidig påpeike at prinsippa for oppgåveplassering ikkje er konsekvent følgt opp. Dette gjeld oppgåver som Riksantikvaren held fram med å ha eller som vert foreslått overført trinnvis. Kulturminne av «særleg nasjonal verdi» må fjernast som kvalitativ gradert kategori, og den gruppa kulturminne som Riksantikvaren skal behalda førstelinjeansvaret for, må avgrensast meir konsekvent og tydeleg. Dei store mellomalderbyane må overførast etter ein forpliktande tidsplan.
3. Hordaland fylkeskommune sluttar seg til fylkesrådmannens merknader til høyringsforslaget, datert 6.6.2018.
4. Hordaland fylkeskommune føreset at:
 - a. Overføring av oppgåver skal følgjast av tilsvarande overføring av økonomiske ressursar
 - b. Den regionale styrkinga av kapasitet og kompetanse skal fullt ut kompensera i kommuneproposisjonen for 2019.

Arkivnr: 2018/9686-2

Saksbehandlarar: David Aasen Sandved, Jostein Aksdal, Erlend Hofstad

Saksframlegg**Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		19.06.2018
Fylkesutvalet		21.06.2018

Høyring - regionreforma - ny forskrift om mynde mv etter kulturminnelova og overføring av andre oppgaver**Samandrag**

Klima- og miljødepartementet har sendt på høyring eit forslag til ny "Forskrift om myndighet mv etter kulturminneloven", og forslag til overføring av andre oppgaver på kulturminnefeltet i samband med regionreforma. Endringane gjeld i all hovudsak overføring av oppgaver frå Riksantikvaren til fylkeskommunane, med verknad frå 1.1.2020. Riksantikvaren skal reindyrke si direktoratrolle, medan fylkeskommunane får ansvar for det aller meste av førstelinjeoppgåvene i kulturminneforvaltninga. Dette inneber m.a. dispensasjonsbehandling av fleire kategoriar freda kulturminne.

Forslaget til forskrift inneheld eit vesentleg unntak frå dette hovudgrepet, ved at det innførast ein ny kategori kulturminne av «særleg stor nasjonal verdi», som det på grunnlag av visse kriterium vert foreslått at Riksantikvaren er forvaltningsmynde for. Desse skal førast på eiga liste av Riksantikvaren. Lista skal være dynamisk, slik at Riksantikvaren kan vurdere å ta kulturminne ut eller inn av lista. Det vert også foreslått at Riksantikvaren inntil vidare held fram med å ha forvaltnings- og dispensasjonsmyndet for dei fire største – mellom anna Bergen – av dei åtte byane med automatisk freda kulturlag frå mellomalderen. På sikt meiner departementet at alle mellomalderbyane bør overførast til fylkeskommunane.

Forslaget er i samsvar med hovudintensjonane i regionreforma. Kulturminneforvaltninga vil bli meir oversiktleg, med tydelegare ansvars- og rollefordeling. Auka ansvar, tydelegare mynde og fleire oppgaver på kulturminnefeltet vil styrka det regionale forvaltningsnivået. Prinsippet om førstelinjeansvar i regionalledet må være tydeleg og unntaka få. Dette er ikkje tilfredsstillande løyst i forslaget, og kategorien kulturminne med «særleg stor nasjonal verdi» har for mange uavklara moment. Hordaland fylkeskommune ser det ikkje som naudsynt å vente med overføring av dei store mellomalderbyane, og det må uansett setjast ein fast dato for dette.

Hordaland fylkeskommune legg til grunn at flytting av oppgaver mellom forvaltningsnivåa skal følgje det finansielle ansvarsprinsippet, jf. Prop. 84 S (2016-2017). Hordaland treng to nye fagstillingsressursar i budsjett 2019 for å sikre at naudsynt kapasitet og kompetanse er operativ 01.01.2020.

Økonomi: Saka er knytt til framtidig behov for nye stillingsressursar i administrasjonen

Klima: Saka har ingen effekt på klimaet

Folkehelse: Saka har ingen effekt på folkehelse

Regional planstrategi: Saka har ikkje samanheng med planstrategien

Forslag til innstilling

1. Hordaland fylkeskommune støttar i det vesentlege Klima- og miljødepartementets forslag til overføring av mynde og oppgåver på kulturminneområdet frå Riksantikvaren til fylkeskommunane. Dei nye oppgåvene og verkemidla vil styrke fylkeskommunen sin rolle og vil bidra til å forenkle forvaltinga, desentralisere makt, byggja robuste kompetansemiljø i fylkeskommunane, styrke det regionale nivået si rolle som samfunnsutviklar og leggja til rette for eit meir heilskapleg grep på kulturminneområdet.
2. Hordaland fylkeskommune vil samtidig påpeike at prinsippa for oppgåveplassering ikkje er konsekvent følgt opp. Dette gjeld oppgåver som Riksantikvaren held fram med å ha eller som vert foreslått overført trinnvis. Kulturminne av «særleg nasjonal verdi» må fjernast som kvalitativ gradert kategori, og den gruppa kulturminne som Riksantikvaren skal behalda førstelinjeansvaret for, må avgrensast meir konsekvent og tydeleg. Dei store mellomalderbyane må overførast etter ein forpliktande tidsplan.
3. Hordaland fylkeskommune sluttar seg til fylkesrådmannens merknader til høyringsforslaget, datert 6.6.2018.
4. Hordaland fylkeskommune føreset at:
 - a. Overføring av oppgåver skal følgjast av tilsvarande overføring av økonomiske ressursar
 - b. Den regionale styrkinga av kapasitet og kompetanse skal fullt ut kompensast i kommuneproposisjonen for 2019.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
kst. fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Merknader HFK til ny forskrift
- 2 Høyringsbrev kld
- 3 Forslag forskrift kld
- 4 Høyringsnotat kld

Fylkesrådmannen, 06.06.2018

Bakgrunn

Klima- og miljødepartementet har sendt på høyring eit forslag til ny "Forskrift om myndighet mv etter kulturminneloven", og forslag til overføring av andre oppgaver på kulturminnefeltet i samband med regionreforma. Den nye forskrifta skal erstatte dagens forskrift om faglig ansvarsfordeling mv. etter kulturminneloven. Endringane gjeld i all hovudsak overføring av førstelinjeoppgåver frå Riksantikvaren til fylkeskommunane, med verknad frå 1.1.2020.

Som ledd i regionreforma har Stortinget slutta seg til at oppgaver og funksjonar på kulturminneområdet overførast frå Riksantikvaren til fylkeskommunane frå 1.1.2020. Dette er handsama i Meld. St. 22 (2015-2016) Nye folkevalgte regioner – rolle, struktur og oppgaver, jf Innst. 377 S (2015-2016), og i Prop. 84 S (2016-2017) Ny inndeling av regionalt folkevalt nivå, jf Innst. 385 S (2016-2017). Stortinget vedtok ved behandlinga av Meld. St. 22 (2015-2016), jf. Innst. 377 S (2015-2016) at det skulle setjast ned eit ekspertutval til å vurdere ytterlegare oppgaver til fylkeskommunane. Utvalet har levert rapport 1.2.2018 (Regionreforma. Desentralisering av oppgaver frå staten til fylkeskommunane) og tok m.a. for seg kulturminnefeltet, men på eit overordna nivå. Utvalet føreslo at hovudmengda av førstelinjeoppgåver på kulturminnefeltet, samt relevante tilskotsordningar overførast frå Riksantikvaren til fylkeskommunen. Hordaland fylkeskommune har slutta seg dei prinsipp og vurderingar som ekspertutvalet har lagt til grunn i si innstilling knytt til overføring av nye oppgaver til fylkeskommunane (PS 99/2018, handsama i Fylkesutvalet 3.5.2018).

Fylkeskommunen har sidan 1990 hatt rolla som regionalt kulturminnemynde. Av forvaltingsoppgåver heimla i kulturminnelova inneber dette m.a. mynde til å søke etter og registrere automatisk freda kulturminne, dvs. eldre enn 1537, og å drive skjøtsel av desse, og for nyare tids kulturminne (yngre enn 1537) å gi dispensasjon frå freding for kulturminne i ikkje-statleg eige. Gjennom rolla som regionalt kulturminnemynde tek fylkeskommunen i vare eit nasjonalt ansvar på regionalt nivå. Samstundes har Riksantikvaren heldt fram med å ha ei rekkje førstelinjeoppgåver ved sida av direktoratsrolla. På kulturminneområdet var arbeidet med ny oppgåvefordeling, med ei vidareføre overføring av ansvar frå statleg til regionalt nivå, i gang før regionreforma.

Departementet peikar på at oppgaveoverføringa på kulturminnefeltet vil bidra til å byggje robuste kompetansemiljø, tydeleggjere og styrke det regionale nivåets rolle som samfunnsutviklar, og bidra til forenkling og tydelege og meir heilskaplege grep på kulturminneområdet. Det vil i mange saker bli færre mynde å halda seg til for eksterne aktørar. Det vert mindre avstand mellom kulturminnemyndet og kulturminna.

Vidare peikar departementet på at Riksantikvaren skal ha ansvar for å gjennomføre ein samla nasjonal kulturminnepolitikk, lik forvaltingspraksis og sikre at kulturminne av nasjonal verdi ikkje går tapt. Riksantikvaren skal reindyrkast som direktorat, vidareutvikle funksjonen som rådgjevande og utøvande faginstans, og utarbeide retningslinjer, rutinar, digitale fagsystem mv som skal sikre lik forvaltningspraksis i fylkeskommunane.

Forslaget til ny forskrift

Hovudgrepet i forskrifta er at enkeltsakshandsaminga i første linje overførast til fylkeskommunen frå 1.1.2020. Riksantikvaren beheld verkemiddel for å kunne ivareta ansvaret for ein samla nasjonal kulturminnepolitikk, ved m.a. fortsatt å vere fredingsmynde og ha oppgaver som har samanheng med dette myndet. Riksantikvaren skal også vere klageinstans for fylkeskommunens vedtak.

Forvaltning og dispensasjonsbehandling av fleire kategoriar freda kulturminne vert overført til regionalt nivå. Dette gjeld automatisk freda arkeologiske kulturminne, profane tømmerhus frå mellomalderen, dei fleste freda kulturminne frå nyare tid i statleg eige, og freda fartøy.

Forslaget til forskrift inneheld eit vesentleg unntak frå hovudgrepet om at enkeltsakshandsaminga i første linje overførast til fylkeskommunen frå 1.1.2020, ved at det innførast ein ny kategori kulturminne av «særleg stor nasjonal verdi», som det på grunnlag av bestemte kriterium vert foreslått at Riksantikvaren er

forvaltingsmynde for. I dei politiske grunnlagsdokumenta for regionreforma som det er vist til ovanfor, går det fram at forvaltinga av særleg viktige forskriftsfreda bygningar i statleg eige kan behaldast av Riksantikvaren. På denne bakgrunn har Riksantikvaren identifisert kulturminne ut frå visse kriterier og anbefalt at forvaltinga av dei bør liggje i direktoratet. Desse skal først på eiga liste av Riksantikvaren. Lista skal være dynamisk, slik at Riksantikvaren kan vurdere å ta kulturminne ut eller inn av lista. Kriterier for å kunne identifisere desse, er tatt inn i forslag til ny forskrift. I høyringsnotatet frå departementet er det tatt inn ei liste over kulturminne som Riksantikvaren framleis skal vere mynde for. Dette er stort sett bygningar tilknytt kongehus, regjering, storting og høgsterett, dei nasjonale festningsverka, og monumentalbygg knytt til statsmakt og kulturliv i Oslo.

Det vert også foreslått at Riksantikvaren beheld forvaltings- og dispensasjonsmyndet for dei fire største av dei åtte byane med automatisk freda kulturlag frå mellomalderen, nemleg Oslo, Bergen, Trondheim og Tønsberg, og at dei først på lista over kulturminne av særleg stor nasjonal verdi. Det vert foreslått at også mellomalderske ruinar og bygningar i mellomalderbyane vert forvalta av same mynde. Departementet meiner at alle mellomalderbyane på sikt bør overførast til fylkeskommunane, men peikar på ulike praktiske omsyn (kapasitet hjå Riksantikvaren til å førebu overføring, kompetansebygging i fylkeskommunane, mm) som grunnar for å overføre dei fire store mellomalderbyane først på eit seinare tidspunkt.

Vurdering

Forslaget er hovudsakleg i tråd med det som har lagt til grunn for dialogen som har vore ført mellom Klima- og miljødepartementet, Riksantikvaren og fylkeskommunane, og er i samsvar med hovudintensjonane i regionreforma. Kulturminnevernet vil tene på dei endringane som regionreforma inneber. At Riksantikvaren vert styrka og reindyrka som direktorat vil styrke det lovheimla arbeidet regionane skal utøve. Hordaland fylkeskommune ser det som tenleg at direktoratet i fortsettinga kan ta ansvar for særleg viktige oppgåver, avgjersler og prioriteringar som femnar heile landet, er klageorgan for vedtak fatta i fylkeskommunane, og beheld motsegnsmynde. Vidare vil HFK understreka at også Riksantikvarens rolle som systemforvaltar er viktig. Erfaringsvis er retningslinjer og rådgjeving ikkje tilstrekkeleg til å ivareta ein sams praksis innan kulturminnevernet, og derfor må også direktoratets arbeid med forskrifter, lovtolkingar og justeringar av lov og regelverk styrkast.

Ansvarsfordelinga på kulturminneområdet kan i dag virke uoversiktleg, og kan medføre tungrodd prosessar, gråsoner og dobbeltarbeid. Med oppgaveoverføringa vil kulturminneforvaltinga vil bli meir oversiktleg, med tydelegare ansvars- og rollefordeling mellom nasjonalt og regionale ledd. Auka ansvar, tydelegare mynde og fleire oppgåver på kulturminnefeltet vil styrka det regionale forvaltningsnivået og gjera samordning av sektorinteressene enklare.

I samsvar med dette rår Hordaland fylkeskommune til ei mest mogleg heilskapleg, konsekvent og samla oppgaveoverføring til fylkeskommunane. Prinsippet om førstelinjeansvar i regionalleddet må være tydeleg og unntaka få. Spørsmålet vert korleis ein skal definere dette utvalet, og her er løysinga som ligg i forslaget til ny forskrift mangelfull. Kategorien kulturminne med «særleg stor nasjonal verdi» har for mange uavklara moment. Kriteria for innføring på lista over «kulturminne av særleg stor nasjonal verdi» er vage og med eit så stort rom for skjønn, at dei er lite eigna til å trekkje ei klar grense for Riksantikvarens mynde. Det er uheldig å innføre ein ny kategori som ikkje har forankring i kulturminnelova. Ei dynamisk liste, basert på uklare kriterium, er i motstrid med intensjonen om eit forenkla forvaltingsregime. Departementets forslag opnar for at Riksantikvaren kan ha forvaltingsansvar for ei potensielt svært stor mengde kulturminne – mellom dei også kulturminne der fylkeskommunane i dag er forvaltingsmynde. Resultatet kan verte ei uoversiktleg og noko vilkårleg grensedraging mellom dei to nivåa sine ansvarsområde.

Riksantikvarens førstelinjeforvalting bør avgrensast til kulturminne som er eigd av staten og/eller tilknytt kongehus, regjering, storting og høgsterett, samt dei nasjonale festningsverka. Dette vil gi ei tydelegare ramme for Riksantikvarens portefølje. Riksantikvaren bør ikkje åleine kunne fastsette kva kulturminne som skal høyre til kategorien. Det må i staden skje gjennom ein prosess som involverer fylkeskommunane. For å gjere forvaltinga og ansvarsfordelinga meir oversiktleg og føreseieleg, bør det vurderast om ei konkret liste over kulturminne som Riksantikvaren framleis skal ha ansvar for, bør takast inn i sjølve forskrifta.

Når det gjeld forvaltinga av dei fire store mellomalderbyane, mellom anna Bergen, vil Hordaland fylkeskommune peika på at departementet meiner at alle mellomalderbyane på sikt bør overførast til fylkeskommunane, og at det i hovudsak vert fremma argument av reint praktisk art for å vente med overføring. Sjølv om det kan medføre praktiske utfordringar i overgangsfasen, skal ikkje dette leggje premissa for forvaltinga, og det er ikkje naudsynt å vente med ei overføring av forvaltinga av dei fire store mellomalderbyane. Dette forvaltingsansvaret kan overførast gjennom ei verksemdsoverdraging av Riksantikvarens distriktskontor til fylkeskommunane. Dersom det likevel først skal skje på eit seinare tidspunkt enn 1.1.2020, må det setjast ein dato for planlagt overføring av mynde.

Andre merknader til høyringsforslaget

Departementets høyringsnotat tek også opp overføring av oppgåver som ikkje vert regulert av forskrifta. Dette gjeld forvalting av verna fartøy, og tilskotsordningar som i dag vert administrert av Riksantikvaren – tilskot til fartøyvern, teknisk-industrielle kulturminne og brannsikring av tette trehusmiljø. Dette vil gi større heilskap mellom lovheimla utøving av mynde og økonomisk verkemiddelbruk. Heilskapleg regional forvaltning av dei økonomiske verkemidla vil styrke fylkeskommunen si regionale rolle som samfunnsutviklar.

Vidare tek departementet opp at oppgåver knytt til forvalting av freda og listeførte kyrkjer, ikkje er del av denne høyringa. Kyrkjene har til no hatt egne verneføresegner i kyrkjelova. Desse er føreslått oppheva i utkastet til ny kyrkjelov.

For kommentarar til desse punkta, og til sjølve forskriftsforslaget utover det som er omtalt ovanfor, vert det vist til det vedlagte notatet med fylkesrådmannens merknader.

Økonomiske og administrative konsekvensar

Regionreforma vil innebere maktspreiing og styrking av demokratiet på regionalt nivå. Hordaland fylkeskommune legg til grunn at flytting av oppgåver mellom forvaltningsnivåa skal følgje det finansielle ansvarsprinsippet, jf. Prop. 84 S (2016-2017). Hordaland fylkeskommune er samd i departementet si vurdering av at det er knytt usikkerheit til om fylkeskommunane totalt sett vil kunne utføre overførte oppgåver med same tall årsverk som Riksantikvaren nyttar på oppgåvene i dag. Det vil difor være ei utfordring for mange fylkeskommunar om oppgaveoverføringa skal følgjast av rammeoverføringar innanfor ei samla uendra utgiftsside på statsbudsjettet. I dette ligg det ein risiko for at det samla kulturminnevernet kan verte skadelidande. Ut frå vår berekning av auka saksomfang vil Hordaland trenge to nye fagstillingsressursar i budsjett 2019 for å sikre at naudsynt kapasitet og kompetanse er operativ 1.1.2020.

Forslag til ny «Forskrift om myndighet mv etter kulturminneloven» og overføring av andre oppgaver i forbindelse med regionreformen». Kommentarer frå Hordaland fylkeskommune.

Fylkesrådmannen, 6.6.2018

Det vert vist til kapittelinnndelinga i Klima- og miljødepartementet sitt høyringsnotat. For oversikta si skuld er kommentarar som gjeld kategorien «kulturminne av særleg stor nasjonal verdi» samla først, og etter dei kommentarane som gjeld forvaltning av dei fire store mellomalderbyane.

Kommentarar til «kulturminne av særleg stor nasjonal verdi»

2.3.7.1 Myndighet til å fastsette hvilke kulturminner som er av særlig stor nasjonal verdi
Hordaland fylkeskommune er ikkje einig i at Riksantikvaren åleine skal kunne fastsette kva kulturminne som skal høyra til kategorien. Om kategorien skal brukast, er det naudsynt med ein vurderingsprosess der fylkeskommunane er involvert, slik at det er semje mellom dei to forvaltningsnivåa om grensedraginga mellom deira respektive ansvarsområde. For fylkeskommunane vil det vera sterkt demotiverande, dersom konsekvensen av at eit kulturminne vert vurdert å vere særleg verdifullt er at ein misser forvaltningsansvaret for det. Ei dynamisk liste, basert på uklare kriterium, er i motstrid med intensjonen om eit forenkla forvaltningsregime.

Sjette ledd er uheldig formulert, sidan det kan tolkast som at Riksantikvaren skal ha forvaltningsansvaret for kulturminne som fyller eit eller fleire av dei fire kriteria. HFK trur neppe dette var intensjonen. Dersom § 2 sjette ledd vert oppretthalde, må det derfor endrast til at «Riksantikvaren kan ha forvaltningsansvaret...».

Kriteria er vage og ueinsarta. Med eit mogleg unntak for c, er kriteria så uklare, og med eit så stort rom for skjønn, at det er umogleg å bruke dei til å trekke ei klar grense for Riksantikvarens mynde.

Kriterium a viser til landets kulturhistorie og nasjonale symbol. Alle freda kulturminne er per definisjon viktige for kulturhistoria. Kva som er nasjonale symbol er langt frå eintydig og avheng av skjønn, historiesyn, politisk oppfatning, geografisk plassering mm. Kriteriet opnar for at RA kan ha forvaltningsansvar for ei potensielt stor mengd kulturminne. Hordaland fylkeskommune viser til at t.d. arkeologisk kulturminne gjennom statsdanning og nasjonalromantiske perioden fikk ein viktig nasjonal identifiserande rolle og difor kan «betraktes som nasjonale symboler». Kriteriet er lite tenleg.

Kriterium b: Kva som ligg i «Statsmakten» og «statlige funksjoner som er sentrale for landet» er ikkje sjølvforklarande, og det er ope kva dette skal innehalde. Alle bygningar knytte til statsmakta og statlege funksjonar kan per definisjon seiast å vere sentrale for landet. Skal kriteriet vere tenleg, må det formulerast på ein meir presis måte.

Kriterium c: «internasjonalt ansvar for å bevare» bør presiserast nærare. Er det t.d. kulturminne på Unesco si verdsarvliste ein siktar til? Kriteriet opnar for at Riksantikvaren kan ta frå fylkeskommunane forvaltningsmyndet for t.d. verdsarvstader som Bryggen og Vestnorske fjordlandskap.

Kriterium d viser til reint praktiske omsyn, som ikkje har nokon samanheng med verdisettinga av kulturminna. Samlenemninga «kulturminne av særleg stor nasjonal verdi» er derfor ikkje dekkande for dette kriteriet.

Det ville truleg vore noko lettare å formulere brukkbare kriterier dersom grunngjevinga for den nye kategorien var tydelegare uttrykt. Er det å gi RA nok erfaring som førstelinjeforvaltar, eller er det også å sikre særleg verdifulle kulturminne – underforstått at dette ansvaret er for stort for fylkeskommunane? I sistnemnde tilfelle kan det oppfattast som mistillit til kompetansen i den regionale kulturminneforvaltinga.

Departementet peikar på at systemet vert meir heilskapleg dersom kategorien femnar alle typar kulturminne. Isolert sett kan me seie oss samde i det, men samstundes er me ikkje sikre på kor tenleg dette vert i praksis. Lar det seg t.d. skilja ut skipsfunn med «særleg stor nasjonal verdi»? For gruppe 7 ser vi det som lite tenleg å velje ut eit utval av det vesle talet freda fartøy.

Hordaland fylkeskommune finn at kategorien kulturminne med «særleg stor nasjonal verdi» har for mange uavklarte moment. Å dela i frå ei portefølje av kulturminne med «særleg stor nasjonal verdi» synast på fleire vis lite hensiktsmessig. Det er uheldig å innføre ein ny kategori som ikkje har forankring i kulturminnelova. Omgrepet «Særleg stor nasjonal verdi» er upresist, og kriteria er uklare. Resultatet kan verta ei uoversiktleg og noko vilkårleg grensedraging mellom dei to nivåa sine ansvarsområde.

Departementets forslag opnar for at Riksantikvaren kan ha forvaltingsansvar for ei potensielt svært stor mengde kulturminne – mellom dei også kulturminne der fylkeskommunane i dag er forvaltingsmynde. Dette er ikkje i samsvar med Meld. St. 22 (2015-2016) og Prop. 84 S (2016-2017), som viser til oppgåver Riksantikvaren skal behalde eller framleis ha. Desse atterhalda er borte i departementets forslag til ny forskrift.

Riksantikvarens førstelinjeforvalting bør avgrensast til kulturminne som er eigd av staten og/eller tilknytt kongehus, regjering, storting og høgsterett, samt dei nasjonale festningsverka. Dette vil gi ei tydelegare ramme for Riksantikvarens portefølje.

I Høyringsnotatet punkt 3 er tatt inn ei liste over kulturminne av særleg stor nasjonal verdi . Lista er nyttig som eit signal om kva Riksantikvarens portefølje er tenkt å omfatta av bygningar/anlegg i gruppe 1 til 4. Det ville vore meir konsekvent å avgrensa utvalet i gruppe 1 til 4 til bygningar eigd av staten og/eller tilknytt kongehus, regjering, storting og høgsterett, samt dei nasjonale festningsverka. Me saknar ei tilsvarande liste (om enn berre tentativ) for gruppe 5-7. Ut frå forskriftsforslaget og departementets notat er det ikkje mogleg å få ei oppfatning av kva og kor mykje ein har tenkt seg at Riksantikvarens portefølje skal innehalde i desse gruppene (med unntak for dei fire store mellomalderbyane – inntil vidare).

For å gjera forvaltinga og ansvarsfordelinga meir oversiktleg og føreseieleg, bør det vurderast om lista bør takast inn i sjølve forskrifta.

Kommentarar til forvalting av mellomalderbyane

2.3.3.2 Middelalderbyene

Hordaland fylkeskommune merkar seg at departementet meiner at forvalting av mellomalderbyane liknar på oppgåver knytt til overføring av andre automatisk freda kulturminne til fylkeskommunane, at alle mellomalderbyane på sikt bør overførast til fylkeskommunane, og at det i hovudsak vert

fremma argument av reint praktisk art for å venta med overføring av dette feltet. HFK meiner at utfordringar av praktisk art ikkje skal leggja premissa for forvaltinga av mellomalderbyane.

Hordaland fylkeskommune har som forvaltar av kulturminne i Bergen alt stor innsikt i problemstillingane rundt mellomalderbyen, og forvaltinga av den må sjåast i samanheng med resten av porteføljen til Hordaland fylkeskommune. Mellomalderbyene utgjer komplekse kulturminne som òg omfattar kulturminne frå nyare tid. At fylkeskommunane får ansvar for mellomalderske kulturlag, ruinar og bygningar vil derfor gi ei meir heilskapleg forvalting enn om Riksantikvaren beheld dette feltet. Fordelen med å samle forvaltninga regionalt er koplinga til planfaglege ansvarsområde. Sterke utbyggingsinteresser er ikkje et argument for at Riksantikvaren skal behalda dette feltet, snarare tvert imot, sidan utbyggingsinteressene vert handtert gjennom arealplanprosessar. Fylkeskommunalt forvaltingsansvar for mellomalderbyane vil derfor gi betre grunnlag for ei forenkla og heilskapleg forvalting etter både kulturminnelova og plan- og bygningslova.

Det er vårt syn at faglege omsyn og ekspertise kan ivaretakast like godt av det regionale leddet som av direktoratet. Mykje av spisskompetansen ligg uansett hos NIKU, og overføring av forvaltingsmyndet får derfor mindre konsekvensar for den samla kompetansen. Det er uheldig å splitte kompetansemiljøet for fylkets 25 ruinar på to forvaltningsledd (RA: Bergen sentrum, HFK: Lysekloster og Halsnøy kloster). Om departementet finn at fagleg kompetanse ikkje er tilstrekkeleg på regionalt nivå, må dette visast og prosessar for regionalt kompetanseløft settast i verk.

Hordaland fylkeskommune legg til grunn at det er semje om at dei store mellomalderbyane skal overførast fylkeskommunane, og at spørsmålet gjeld når dette skal skje. Sjølv om det kan medføra praktiske utfordringar i overgangsfasen, ser ikkje Hordaland fylkeskommune at det er naudsynt å venta med ei overføring av forvaltinga av dei fire store mellomalderbyane. Mellomalderbyane og ruinane er allereie er «regionalisert» i RA sine distriktskontor. Hordaland fylkeskommune meiner at dette forvaltingsansvaret kan overførast gjennom ei verksemdsoverdraging av Riksantikvarens distriktskontor til fylkeskommunane, jf. slik ein gjorde med Distriktsantikvaren for Vestlandet i 1989-90. Dersom det likevel først skal skje på eit seinare tidspunkt enn 1.1.2020, må det setjast ein dato for planlagt overføring av mynde slik at begge partar får eit fast haldepunkt, føreseielege rammer, og moglegheit for ei best mogleg planlagt overføring.

2.4.3.3 Dispensasjon fra automatisk fredning i middelalderske byanlegg, jf. kml. § 8 første, andre og fjerde ledd

Hordaland fylkeskommune ser fordelane ved at ein slipp å endre sjølve forskrifta ved ei framtidig forvaltingsoverføring. Samstundes vil dette vere noko som berre skjer unntaksvis; at dei fire store mellomalderbyane vert overført er ei eingangshending.

2.4.3.2 Dispensasjon fra automatisk fredning, jf. kml. § 8 første, andre og fjerde ledd

Hordaland fylkeskommune støttar dette, bortsett frå unntaket for kulturminne av særleg stor nasjonal verdi.

2.4.3.4 Middelalderske kirkesteder/ kirkegårder – Dispensasjon, jf. kml. § 8 første, andre og fjerde ledd

Hordaland fylkeskommune sluttar seg til overføring av mynde, men meiner det regionale leddet bør ha heile ansvaret òg innan mellomalderbyane.

Ytterlegare kommentarar

1.2.3 Kirker

Kyrkjene bør vere underlagt same verneregime som andre kulturminne, dvs. at fylkeskommunane er kulturminnemynde for alle freda kyrkjer. (Jf. punkt 2.1.4. nedanfor, «Klima- og miljødepartementets utgangspunkt er at enkeltsaksbehandlingen i første linje overføres til fylkeskommunen fra 1.1.2020. Unntak fra dette må begrunnes særskilt»). Når det gjeld dei listeførte kyrkjene, er spørsmålet kva som skjer med desse etter endringane i kyrkelovgivinga. I praksis må listeføringa reknast som ei slags freding klasse b, eller i det minste eit uttrykk for at dei listeførte kyrkjene har nasjonal verdi. Det tilseier at dei listeførte kyrkjene bør fredast. Dette vil gi ei kraftig auke i talet freda kyrkjer, som igjen vil vera grunnlag for å byggja særskild kyrkjekompetanse i fylkeskommunane.

2.3.2.1 Erklære og avgjøre automatisk fredning, jf. kml. § 4. Tinglysing, jf. kml. § 5

Å påvise, tolke og stadfeste alder og omfang er slik organiseringa er i dag, naturleg å legge til første instans. Ved revisjon av forskrift bør struktur og ansvarsområda verta klarare knytt til ansvarsområda i forvaltninga. Det er vårt syn at direktoratet ikkje bør ha forskriftsfesta rett til kulturminneregistrering – her bør direktoratet få eit instruktivt mynde. Hordaland fylkeskommune har erfaringar med at RA sine registreringar ikkje vert ein del av kulturminnevernet.

2.3.2.2 Fastsettelse av sikringssone, jf. kml. § 6

Hordaland fylkeskommune ser ingen rasjonelle grunnar til å utvide og forenkle prosessane kring sikringssone. Bandlegging av areal må vera del av ein prosess slik det er i dag. Omsyn til kva som er «praktisk og forenklande» kan i mange høve verka overstyrande og udemokratisk på eigar og lokale styresmakter. Forskrifta bør heller styrka og effektivisera prosessane kring fastsetting av særskilt sikringssone.

2.3.2.3 Fristforlengelse for arkeologiske undersøkelser, jf. kml. § 9 andre ledd, fjerde punktum RA er i dag mynde med omsyn til endeleg frist til uttale. Problema rundt planfagleg fråsegn er ofte knytt til underliggande prosessar, eller mangel på slike. Godkjenning av budsjett, klima og tekniske justeringar av planar. Hordaland fylkeskommune erfarer at heimelen i KML i dag ikkje er tilstrekkeleg. Den lovheimla fristen på 3 pluss 1 månad frå 1978 er på mange måtar forelda. I si tid var hovudtyngda av planar offentlege reguleringsplanar, og prosessane var styrt deretter. I dag er det vekt på private planar med utøvande konsulentfirma. Prosessane med godkjenning av kostnader, prosessar med omsyn til registrering og ikkje minst krav til eventuelle endringar tar i dag for lang tid i høve til lovverket.

2.3.2.4 Fastsettelse av budsjett for arkeologisk utgravning, jf. kml § 10

Hordaland fylkeskommune kan ikkje sjå at Departementet gjev eit fyllesgjerande vurdering her. Vedtak av kostnader ved eventuelle vilkår er i hovudsak knytt til planprosess. I dag er Riksantikvaren ein del av forvaltninga gjennom vedtak etter § 8. Dette er ikkje stoda framover og kostnadsvedtak jf. §10 i PBL saker kan bli unødvendig tunge og tidkrevjande.

Når Riksantikvaren framleis skal ha ansvar for fastsetting av budsjett for arkeologiske utgravingar, vil dette ha både positive og negative sider. Gjennom ein felles nasjonal politikk sikrar ein likebehandling, men det vil og kunne føre til meir sakshandsaming i etterkant av godkjende planar.

Hordaland fylkeskommune kan sjå nytta av at departementet disponerer Statens midlar med omsyn til kostnadsdekking ved særlege tilfelle og mindre private tiltak. Omfanget av statleg kostnadsdekking er likevel så lite, at fokus må vera på andre deler av feltet. Kulturminneregistreringar i samband med mindre private tiltak og dyrkingssaker er ei større utfordring regionalt.

2.3.2.5 Registrering og utgraving av automatisk fredete kulturminner, jf. kml. § 11 første ledd bokstav a og b

Hordaland fylkeskommune kan ikkje sjå at eit direktorat utan vidare skal ha heimel til å søke, registrere og restaurere. Det er vår oppfatning at dette ligg til regionane sitt ansvarsområde. Prinsipielt vert omsynet til NIKU underordna her. Oppdrag ut over forvaltningsundersøkingar heimla i KML avsett til NIKU bør heimlast i t.d. faglege program eller omsyn.

2.3.4.1 Tillatelse til forskningsinitierte granskinger av automatisk fredete kulturminner, jf. § 8 første ledd

Hordaland fylkeskommune støttar dette; ved inngrep og fysiske tiltak må ein sikra at nasjonal politikk på feltet vert ivaretatt.

2.3.5.1 Løse kulturminner og finnerlønn, jf. kml. § 12 andre ledd, § 13 første og tredje ledd og § 14 fjerde ledd

Hordaland fylkeskommune støttar dette.

2.3.5.2 Fredningsmyndighet, jf. kml. §§ 15, 19 første og andre ledd og 22 a første ledd

I dagens fredingspraksis er representativitet på landsbasis styrande for kva som vert freda, og dette talar for at denne prioriteringa vert gjort av RA. Samstundes viser me til vår høyringsmerknad til ekspertutvalets rapport: «Det kan diskutast om Riksantikvaren framleis bør vera fredningsmynde, ut over å fungera som klageorgan. I dag har fylkeskommunane som regional kulturminnemynde få formelle verkemiddel for å sikra vern. Ein heilskapleg tilnærming bør difor innebera overføring av ei rekkje av heimla i Kulturminnelova, inkludert freding.»

2.3.5.3 Fredningsmyndighet, utførsel mv av båter, jf. kml. §§ 14 a, 23 og 23 c

Hordaland fylkeskommune støttar dette.

2.3.6.1 Fredete båter og byggverk av særlig stor nasjonal verdi. Dispensasjon, pålegg og midlertidig fredning.

Hordaland fylkeskommune meiner femte ledd er uoversiktleg formulert når det gjeld kml §§ 17 og 18. Først vert RA sitt mynde etter §§ 16-18 avgrensa til kulturminne av «særleg stor nasjonal verdi». I neste setning vert RA sitt mynde etter fleire ledd i dei same paragrafane gjort gjeldande for alle saker.

Generelt meiner Hordaland fylkeskommune at forvalting etter kulturminneloven §§ 16, 17 og 18 bør sjåast i samanheng med den generelle forvaltinga av freda kulturminne, dvs. at der fylkeskommunen er rette mynde etter § 15a, bør den også vera rette mynde etter §§ 16, 17 og 18. Dette vil gi ei meir oversiktleg, heilskapleg og effektiv forvalting. Einaste unntak er avgjerd om at ein freda bygning ikkje skal gjenreisast, sidan dette reelt betyr ei oppheving av fredinga. Dette talar for at Riksantikvaren fortsatt bør ha adgang til å overprøve fylkeskommunens vedtak i slike tilfelle.

RAAs mynde til å fatta vedtak om mellombels freding er ein naudsynt sikkerheitsventil for å trygge nasjonale verdier, i tilfelle fylkeskommunen ikkje vil gå til mellombels freding. Dette myndet bør difor

gjelda uavkorta, og ikkje berre identifiserte og listeførte kulturminne av særleg stor nasjonal verdi. Om departementets forslag skal ha nokon praktisk effekt i det heile, føreset det ei omfattande identifisering og listeføring av ikkje-freda kulturminne av særleg stor nasjonal verdi.

2.4.2 Ny forskrift § 3 første ledd - Fortsatt drift, jf. kml. § 3 andre ledd

Hordaland fylkeskommune støttar dette. Det bør likevel leggjast til grunn at det vert nasjonale retningslinjer for dette. I dag er pløying mindre aktuelt, medan funn gjennom andre aktivitetar som metallsøking kan føre til båndlegging.

2.4.3.1 Fastsettelse av sikringssone, jf. kml. § 6 første ledd

Hordaland fylkeskommune finn at dette vil vera ein naturleg del av førstelinjensvaret. Alt i dag er det likevel trong til avklaring av prosess og retningslinjer på området om ein skal sikra ein nokolunde sams politikk på området.

2.4.3.2 Dispensasjon fra automatisk fredning, jf. kml. § 8 første, andre og fjerde ledd

Hordaland fylkeskommune støttar dette, bortsett frå unntaket for kulturminne av særleg stor nasjonal verdi.

2.4.3.4 Middelalderske kirkesteder/ kirkegårder – Dispensasjon, jf. kml. § 8 første, andre og fjerde ledd

Hordaland fylkeskommune sluttar seg til overføring av mynde, men meiner det regionale leddet bør ha heile ansvaret òg innan mellomalderbyane.

2.4.3.5 Middelalderruiner - dispensasjon, jf. kml. § 8 første, andre og fjerde ledd

Hordaland fylkeskommune sluttar seg til dette.

2.4.3.6 Profane middelalderbygninger - dispensasjon, jf. kml. § 8 første ledd

Hordaland fylkeskommune sluttar seg til at fylkeskommunane får dispensasjonsmynde for profane mellomalderbygningar.

2.4.3.9 Tillatelse til inngrep i skipsfunn, jf. § 14 andre og tredje ledd, første punktum

Hordaland fylkeskommune sluttar seg til overføring av mynde, men ser eit unntak for skipsfunn av særleg stor nasjonal verdi som lite tenleg.

2.4.4.1 Enkle saker – prøveprosjektet med overføring av myndighet til fylkeskommunen

Hordaland fylkeskommune viser at prøveordninga har hatt liten effekt for brukarane då premissane i ordninga har vore svært strenge. Gevinsten ligg truleg meir hjå departementet enn på regionalt nivå.

2.4.6 Ny forskrift § 3 femte ledd

Forslaget gir her fylkeskommunen mynde etter kml § 14 a tredje ledd (dispensasjon mm for freda båtar). Dette er ikkje i samsvar med forskriftsforslaget § 2 fjerde ledd, der Riksantikvaren vert gitt mynde etter kml § 14a i saker som gjeld båtar. HFK meiner dette myndet bør liggje til fylkeskommunane.

2.4.6.1 Dispensasjon fra fredning, jf. kml. § 15a

Hordaland fylkeskommune sluttar seg til at fylkeskommunens dispensasjonsmynde utvidast til å gjelde forskriftsfreda byggverk i statleg eige, og båtar. (Fylkeskommunen er alt i dag dispensasjonsmynde for forskriftsfreda kulturminne i privat eige).

2.4.6.2 Pålegg om utbedring, vedlikehold av fredet byggverk, skade ved brann, jf kml. §§ 16 til 18
Hordaland fylkeskommune sluttar seg at fylkeskommunane får mynde etter §§ 16-18. Forvalting etter kulturminneloven §§ 16, 17 og 18 bør sjåast i samanheng med den generelle forvaltinga av freda kulturminne, dvs. at der fylkeskommunen er rette mynde etter § 15a, bør den også vera rette mynde etter §§ 16, 17 og 18. Dette vil gi ei meir oversiktleg, heilskapleg og effektiv forvalting. Einaste unntak er avgjerd om at ein freda bygning ikkje skal gjenreisast, sidan dette reelt betyr ei oppheving av fredinga. Dette talar for at Riksantikvaren fortsatt bør ha adgang til å overprøve fylkeskommunens vedtak i slike tilfelle.

Det er ikkje fullt samsvar mellom § 3 femte ledd og § 2 femte ledd med omsyn til Riksantikvarens mynde; dette må rettast opp.

2.4.9.1 Registrere mv og granske mv automatisk fredete og løse kulturminner
Hordaland fylkeskommune viser til at det må bli krav til samhandling mellom dei ulike aktørane. Museal forskingsgransking – sikringsgravingar må når dei inntreff varslast 1. linje ansvarlege.

2.4.12 Underretningsplikt

Det framstår som uklart kva for type saker som tredje ledd sikter til. Gjeldande forskrift presiserer at det gjeld «I saker som fylkeskommunen eller Sametinget behandler som rette myndighet etter denne forskrift». Tilsvarande presisering bør inn i den nye forskrifta.

2.4.13.1 Prosjektplan og budsjett

Hordaland fylkeskommune viser til at her får ein mykje dobbelt av arbeid. Det viktige for oss er at prosessane gjennom fagleg vurdering og kostnadsvedtak går i flyt så enkelt som mogleg. Slik forskrifta no legg opp til er korkje prosess, eller kostnad særleg føreseieleg for tiltakshavar.

4.1 Forvaltningen av fartøy som har status som vernete fartøy

Hordaland fylkeskommune sluttar seg til at forvalting av verna fartøy overførast til fylkeskommunane. Det stemmer ikkje heilt at forvalting av fartøy ikkje regulerast av forslag til ny forskrift; dispensasjonsmynde for freda fartøy er der foreslått lagt til fylkeskommunane. Det bør komma eksplisitt fram at fylkeskommunen skal ha ansvar for tilskotsforvalting både for freda og verna fartøy.

Som regional aktør i samfunnsutviklinga er det svært viktig at listeføring av verna fartøy kan gjerast regionalt, og Hordaland fylkeskommune meiner derfor at regelverket bør endrast, slik at fylkeskommunen kan tildela status som verna fartøy.

4.2 Tekniske og industrielle kulturminner

Hordaland fylkeskommune sluttar seg til at forvalting av tilskotsordninga for tekniske og industrielle kulturminne overførast til fylkeskommunane. Vi må påpeike at fylkeskommunane alt i dag er forvaltingsmynde for freda teknisk-industrielle kulturminne i privat eige. At fylkeskommunen både er forvaltingsmynde etter kulturminnelova og får ansvar for tilskotsordninga, vil gi ei meir oversiktleg og effektiv forvalting av desse kulturminna.

4.4 Brannsikring av tette trehusmiljø

Hordaland fylkeskommune sluttar seg at forvalting som gjeld brannsikring av tette trehusmiljø overførast til fylkeskommunane.

4.5 Overføring av oppgaver i tilknytning til tilskuddsforvaltning

Hordaland fylkeskommune meiner at rammetilskot som overførast fylkeskommunane må vere hovudmodellen for alle tilskotsordningar på kulturminnefeltet. Dermed kan det utviklast større heilskap mellom lovheimla utøving av mynde og økonomisk verkemiddelbruk. Heilskapleg regional forvaltning av dei økonomiske verkemidla vil styrke fylkeskommunen si regionale rolle som samfunnsutviklar. I dag er prinsippet at Riksantikvaren som nasjonal kulturminnemynde fredar kulturminne og slik vedtek forvaltningsmessige og økonomiske pliktar for fylkeskommunane. Dette skaper ofte eit gap mellom statlege forventingar og fylkeskommunale ressursar. Større samanheng mellom regional mynde og økonomiske verkemiddel vil gjera gapet mindre og prioriteringane mellom oppgåvene enklare.

Ved sida av ei samordning og harmonisering av tilskotsordningane, ser Hordaland fylkeskommune eit behov for ei grundig gjennomgang med sikte på ei ryddigare og enklare interaksjon mellom RA og fylkeskommunane i tilskotsforvaltinga, basert på at fylkeskommunane visast tillit til å fordele og forvalte tilskotsmidlane etter sine eigne faglege prioriteringar, innanfor overordna felles føringar.

Me viser elles til vår fråsegn til ekspertutvalets rapport:

«Det bør vurderast om det å legge tilskota inn i ramma til fylkeskommunane, kan medverka til at kulturminnevernet blir eit meir interessant regionalt politikkområde, med rom for heilskapleg, langsiktig og føreseieleg styring.

Kulturminnefondet sine midlar er ikkje føreslått overført, til tross for at desse utelukkande går til regionale og lokale kulturminne som fylkeskommunen og kommunane har forvaltningsansvar for. Hordaland fylkeskommune meiner det kan stillast spørsmål ved dette. Dersom det ikkje vert lagt opp til ein heilskapleg overføring av dei statlege tilskotsordningane, inklusiv Kulturminnefondet, bør det takast initiativ til eit formalisert og forpliktande samarbeid mellom Kulturminnefondet og fylkeskommunane.»

4.6 Økonomiske og administrative konsekvenser

Hordaland fylkeskommune er samd i at det er knytt usikkerheit til om fylkeskommunane totalt sett vil kunne utføre overførte oppgåver med same tall årsverk som Riksantikvaren nyttar på oppgåvene i dag. Det vil difor være ei utfordring for mange fylkeskommunar om oppgåveoverføringa skal følgjast av rammeoverføringar innanfor ei samla uendra utgiftsside på statsbudsjettet. I dette ligg det ein risiko for at det samla kulturminnevernet kan verte skadelidande.